

St.prp. nr. 30

(2002–2003)

Om endringar på statsbudsjettet for 2002 under kapittel administrerte av Utanriksdepartementet

*Tilråding fra Utanriksdepartementet av 15. november 2002,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Samandrag

I denne proposisjonen blir det foreslått enkelte endringar i løvingane under Utanriksdepartementet sitt budsjett for 2002.

Innanfor programområde 02 Utanriksforvaltning blir det berre foreslått mindre endringar, jf. omtale nedanfor.

På budsjettet for ODA-godkjend utviklingshjelp under programområde 03 blir det gjort framlegg om omfordeling av 146,35 mill. kroner.

På kap. 197 Støtte til ikke ODA-godkjende land og internasjonale miljøtiltak blir løyvinga foreslått redusert grunna mindre innbetaling enn tidlegare lagt til grunn til Verdsbankens karbonfond.

Programområde 02 Utanriksforvaltning

Kap. 101 Utanriksstasjonane

Post 01 Driftsutgifter

I samband med avviklinga av næringsrådstillinga ved delegasjonen i Genève blir det gjort framlegg om at kr 667 000 blir overført fra Utanriksdepartementet sitt budsjett til Nærings- og handelsdepartementets budsjett.

Programområde 03 Internasjonal hjelp

ODA-godkjend utviklingshjelp

Kap. 140 Utanriksdepartementets administrasjon av utviklingshjelpa

Post 01 Driftsutgifter

Det blir gjort framlegg om å gi kr 2 400 000 som kompensasjon for meirutgifter i samband med lønnsoppgjaret for 2002. I tillegg blir det gjort framlegg om tilleggsloving på kr 500 000 til dekking av meirutgifter i samband med fredsprosessen i Sudan. Kr 2 000 000 av naudsynte tilleggsmidlar vil bli finansiert ved omdisponering av overført beløp frå 2001 på ymseposten, kap. 166, post 70, jf. departementsfullmakt 111, pkt. 6 i B.innst. S. nr. 3 (2001–2002). Resterande del av tilleggsbehovet, kr 900 000 blir foreslått gitt som tilleggsloving.

Det blir gjort framlegg om ein samla auke på 0,9 mill. kroner.

Kap. 141 Direktoratet for utviklingssamarbeid (NORAD)

Post 01 Driftsutgifter

Det blir gjort framlegg om å løye 3,2 mill. kroner som kompensasjon for meirutgifter i samband med lønnsoppgjaret for 2002.

Om endringar på statsbudsjettet for 2002 under kapittel administrerte av Utanriksdepartementet

Kap. 142 NORADs administrasjon av utanriksstasjonane

Post 01 Driftsutgifter

Det blir gjort framlegg om å løyve kr 1 250 000 som kompensasjon for meirutgifter i samband med lønnsoppgjert for 2002.

Kap. 143 Utanriksdepartementets administrasjon av utanriksstasjonane

Post 01 Driftsutgifter

Det vil bli gitt kr 750 000 som kompensasjon for meirutgifter i samband med lønnsoppgjert for 2002. Naudsynte tilleggsmidlar vil bli finansiert ved om-disponering av overført beløp frå 2001 på ymseposeten, kap. 166, post 70, jf. departementsfullmakt 111 pkt. 6 i B.innst. S. nr. 3 (2001–2002).

Kap. 150 Hovudsamarbeidsland

Post 75 Bangladesh, kan overførast

Bangladesh er eit av Noregs hovudsamarbeidsland og difor høgt prioritert. Styresettsituasjonen i landet har vanskeleggjort det pågåande utviklingssam arbeidet. Gjennomføringskapasiteten i forvaltningsapparatet er svak og framdrifta i prosjektgjennomføringa har i år vore svært dårlig. I tillegg medfører korruptsjonsproblema i Bangladesh tilsvarende vanskar. Desse tilhøva har medført at fleire norskfinansierte prosjekt ikkje kan gjennomførast som planlagt, spesielt gjeld dette prosjekt innan utdannings sektoren og prosjekt knytta til menneskerettar.

Regjeringa gjer difor framlegg om at landramma blir redusert med 74 mill. kroner.

Kap. 160 Sivilt samfunn og demokratiutvikling

Post 01 Driftsutgifter

Det er behov for auka midlar til informasjon om utviklingssamarbeidet, i hovudsak i tilknyting til 50-årsmarkeringa av norsk utviklingshjelp i år.

Det blir gjort framlegg om ein auke på 1 mill. kroner.

Kap. 163 Naudhjelp, humanitær hjelpe og menneskerettar

Post 70 Naturkatastrofar, kan overførast

Det er venta ei ytterlegare forverring av matvarekrise i det sørlege Afrika, og ei matvarekrise av stort omfang er under utvikling på Afrikas Horn. I begge regionane er ei omfattande sveltkatastrofe på gang. Det er difor behov for meir støtte både gjennom

FN-systemet og dei norske humanitære organisa sjonane som er aktive i området. Vidare er det behov for større innsats for førebygging av naturkatastrofar, ikkje minst i Afrika, men også i Asia og Latin Amerika.

Det blir gjort framlegg om ein auke på 30 mill. kroner.

Post 71 Humanitær hjelpe og menneskerettar, kan overførast

Omfattande humanitære behov har medført stort forbruk på den humanitære løvinga i år. Trass i store humanitære kriser i andre delar av verda er Afrika framleis kontinentet med dei største humanitære behova. Den akutte finansieringskrisa for UNHCR sine program har særleg gått ut over innsatsen for flyktningar i Afrika. Her vil Noreg vere med på å betre situasjonen. I Sudan opplever ein nye straumar av internt fordrivne. Kamphandlingar i Den demokratiske republikken Kongo og generelt i Great Lakes-området medfører store menneskelege lidingar og eit auka flyktningproblem. Den uavklarte situasjonen i Vest-Afrika knytt til opprøret i Elfenbeinskysten kan føre til behov for større humanitær innsats.

Det blir gjort framlegg om ein auke på 16 mill. kroner.

Kap. 164 Fred, forsoning og demokrati

Post 70 Fred, forsoning og demokratitiltak, kan overførast

Den omfattande norske støtta til fred, forsoning og demokratitiltak gjer at løvinga for 2002 er disponert. Ikkje minst har det norske engasjementet i fredsprosessen på Sri Lanka, med m.a. opprettning av ein observatørstyrke, medverka til dette. Vårt omfattande engasjement i Midtausten krev også mykje ressursar.

Noreg har og eit aktivt engasjement i konflikten mellom Etiopia og Eritrea, og den sentrale rolla Noreg har i Tryggingsrådet både når det gjeld Etiopia/Eritrea og Somalia krev ressursar. Det same gjeld det norske engasjementet i fredsprosessen i Sudan som også omfattar finansiering av våpenkvileobservatørar. På alle desse områda er det behov for meir midlar.

Det blir gjort framlegg om ein auke på 10 mill. kroner.

Post 71 ODA-godkjente land på Balkan og andre ODA-godkjente OSSE-land, kan overførast

Parisklubben underteikna i 2001 ein avtale som regulerer tilbakebetalingane av Jugoslavia si gjeld til utanlandske kreditorar, mellom andre Noreg. For

Noregs del gjeld dette kredittar som er garantert av Garanti-Instituttet for Eksportkreditt (GIEK) og eit statslån gitt av Finansdepartementet i 1983. Det er gitt gjeldslette for den delen av GIEKs fordringar som skal ettergis i 2002. Gjeldsletten er gitt utan løyving i samsvar med den utvida gjeldsplanen, jf. romartalsvedtak XI i St. prp. nr. 1 (2001–2002) for Utanriksdepartementet.

Gjeldsletten knytta til Finansdepartementet si fordring utgjer til saman 15 mill. kroner og inngår ikkje i den utvida gjeldsplanen. For 2002 foreslås difor 11,8 mill. kroner av dette beløpet dekka innanfor løyvinga på kap. 164, post 71 ODA-godkjente land på Balkan og andre ODA-godkjente OSSE-land.

Kap. 165 Forsking, kompetanseheving og evaluering

Post 01 Driftsutgifter

Det vil bli mindre utbetalingar til kjøp av konsulentester i år enn rekna med.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 3,846 mill. kroner.

Kap. 166 Tilskot til ymse hjelpe tiltak

Post 70 Ymse tilskot, kan overførast

Disponibel løyving på posten blir foreslått redusert med 12,3 mill. kroner.

Reduksjonen blir foreslått gjennomført ved at ordinær løyving for 2002 blir redusert med kr 9 504 000. Vidare blir overført beløp frå 2001 til 2002 redusert med kr 2 750 000 ved departementsfullmakt, jf. omtale under kap. 140 og kap. 143. Ved departementsfullmakt er det tidlegare omdisponert 1,665 mill. kroner til andre postar. Disponibel løyving på posten utgjer etter dette kr 3 835 000.

Post 71 Internasjonale prosessar og konvensjonar m.m., kan overførast

Det er mindre behov for midlar til oppfølging og støtte til utviklingsland si deltaking i internasjonale prosessar og konvensjonar enn rekna med.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 2,5 mill. kroner.

Kap. 171 Multilaterale finansinstitusjonar

Post 70 Verdsbanken, kan overførast

I IDA13-forhandlingane som blei avslutta 1. juli 2002 vart det vedteke at SDR 10,02 milliardar av påfyllinga skulle kome gjennom nye bidrag frå gjevarlanda. På heile 1990-tallet låg Noregs andel på 1,42 % av total påfylling. Noregs utanriksøkonomiske

stilling blei i same perioden radikalt forbetra. Vida-re har IDAs utlånspolitikk dei siste ti år utvikla seg raskt og er i dag i stor grad i samsvar med norsk ut-viklingspolitikk. På bakgrunn av dette aksepterte ein frå norsk side å auke delen av påfyllinga til 1,52 %. Vidare har valutakursendringar medført ein yt-terlegare auke i Noregs del (bidraga er rekna ut frå gjennomsnittlege valutakursar i perioden 1. april – 30. september 2001). Slutresultatet inneber bidrag frå Noreg på 1751,27 mill. kroner over tre år, som svarar til ei årleg innbetaling på om lag 584 mill. kroner. Dette er pliktige bidrag. Det vil om kort tid bli fremma eigen proposisjon om IDA13-forhandlin-gane.

Det blir gjort framlegg om ein auke i løyvinga på 84 mill. kroner.

Post 71 Regionale bankar og fond, kan overførast

Det blir mindre utbetalingar til fleire regionale bankar og fond enn rekna med grunna valutakurs-endringar.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 5,8 mill. kroner.

Kap 173 Støtte til prioriterte tema via multilaterale kanalar

Post 73 Miljø og energi, kan overførast

Det er mindre behov for midlar enn rekna med, mellom anna til fondet for miljø, sosial utvikling og fattigdom i Verdsbanken.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 22,8 mill. kroner.

Post 74 Godt styresett, kan overførast

Det er mindre behov for midlar enn rekna med, mellom anna på grunn av avvikling av det norske konsulentfondet i UNDP.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 27,9 mill. kroner.

Anna hjelp – ikkje ODA-godkjend

Kap. 197 Hjelp til ikkje-ODA godkjende land og internasjonale miljøtiltak

Post 76 Tilskot til internasjonale klima- og miljøtiltak, kan overførast

På årsmøtet til Verdsbankens karbonfond vart det vedteke at det ikkje vil bli påfylling av kapital inne-verende år. For 2002 er det sett av 11,5 mill. kroner til påfylling i fondet over denne posten.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon i løy-vinga på posten på 11,5 mill. kroner.

Om endringar på statsbudsjettet for 2002 under kapittel administrerte av Utanriksdepartementet

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under
eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om
endringar på statsbudsjettet for 2002 under kapittel
administrerte av Utanriksdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar på statsbudsjettet for 2002 under kapittel administrerte av Utanriksdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringar på statsbudsjettet for 2002 under kapittel administrerte av Utanriksdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2002 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap	Post	Formål	Kroner
101		Utanriksstasjonane	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med frå kr 819 992 000 til kr 819 325 000	667 000
140		Utanriksdepartementets administrasjon av utviklingshjelpa	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 142 588 000 til kr 143 488 000	900 000
141		Direktoratet for utviklingssamarbeid (NORAD)	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 167 360 000 til kr 170 560 000	3 200 000
142		NORADs administrasjon av utanriksstasjonane	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 207 370 000 til kr 208 620 000	1 250 000
150		Hovudsamarbeidsland	
	75	Bangladesh, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 130 000 000 til kr 56 000 000	74 000 000
160		Sivilt samfunn og demokratiutvikling	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 17 500 000 til kr 18 500 000	1 000 000
163		Naudhjelp, humanitær hjelp og menneskerettar	
	70	Naturkatastrofar, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 190 000 000 til kr 220 000 000	30 000 000

Kap	Post	Formål	Kroner
	71	Humanitær hjelp og menneskerettar, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 1076 000 000 til kr 1092 000 000	16 000 000
164		Fred, forsoning og demokrati	
	70	Fred, forsoning og demokratitiltak, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 227 000 000 til kr 237 000 000	10 000 000
165		Forsking, kompetanseheving og evaluering	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med frå kr 102 100 000 kr til 98 254 000	3 846 000
166		Tilskot til ymse hjelpetiltak	
	70	Ymse tilskot, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 9 504 000 til kr 0	9 504 000
	71	Internasjonale prosessar og konvensjonar m.m, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 62 000 000 til kr 59 500 000	2 500 000
171		Multilaterale finansinstitusjonar	
	70	Verdsbanken, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 500 000 000 til kr 584 000 000	84 000 000
	71	Regionale bankar og fond, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 526 500 000 til kr 520 700 000	5 800 000
173		Støtte til prioriterte tema via multilaterale kanalar	
	73	Miljø og energi, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 172 000 000 til kr 149 200 000	22 800 000
	74	Godt styresett, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 140 000 000 til kr 112 100 000	27 900 000
197		Støtte til ikkje ODA-godkjende land og internasjonale miljøtiltak	
	76	Tilskot til internasjonale klima- og miljøtiltak, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 42 500 000 til kr 31 000 000	11 500 000